

Johannes Rauboti sluttar som konsernsjef i SFE

Etter åtte år som konsernsjef i Sogn og Fjordane Energi (SFE), har Johannes Rauboti gitt styret beskjed om at han ønskjer å gå av med pensjon i mai neste år. Styret set no i gang prosessen med å finne hans etterfølgar.

Rauboti, som opphavleg er frå Fjærland, kom til SFE i 2015 i frå kraftselskapet Vardar i Drammen. Før det hadde han nokre år i Hallingdal Kraftnett og Hallingkraft og til saman har han lagt bak seg 30 år som toppleiar i energibransjen.

- SFE er eit fantastisk selskap der dyktige og lojale kollegaer har gjort jobben som leiar veldig inspirerende. Eg er både glad og stolt over at eg har fått leia SFE desse åra der vi har gjort betydelege investeringar og viktige organisatoriske endringar. Det er derfor med blanda kjensler eg no har bedt styret om å finne min etterfølgar, men eg har komme til at tida er inne for at andre tek over og utviklar SFE vidare. Bransjen vår har ei stor og viktig rolle framover, og den som tek over stafettspinnen får ein svært givande jobb!

Har teke viktige steg

Frå å vere eit tradisjonelt energikonsern med heileigde dotterselskap innan straumsal, straumnett og produksjon av straum, tok SFE steget med å ta sal av straum ut i eit eige selskap i 2020. Saman med Tafjord kraft, Tussa kraft og Sognekraft skipa dei selskapet Watten. I år fusjonerte Linja, tidlegare SFE Nett, med Mørenett og det nye Linja er no med sine 300 tilsette eit av dei største nettselskapa i Noreg. Kjerneverksemda i dagens SFE er produksjon av straum og selskapet har 100 tilsette.

Styreleiar i SFE Sigurd Reksnes er klar på at SFE har teke viktige og riktige steg under Johannes si leiing.

- Dei endringane vi har vore igjennom gjer oss betre rusta for framtida. På same tid har selskapet vore svært handlekraftig både med tanke på opprustning av anlegg og bygging av tre nye kraftverk. Dette gjer oss til eit av selskapa i Noreg med størst vekst i produksjon av fornybar energi dei siste ti åra. Eg vil på vegner av styret takke Johannes for eit nært og tillitsfullt samarbeid og eit svært godt utført arbeid i SFE, seier Reksnes.

Av dei mest spennande

SFE sitt styre er no i gang med å søkje etter Rauboti sin etterfølger.

- Det er ein prosess som vil ta litt tid, og vi ønskjer å legge opp til ein periode med overlapp før Johannes går av i mai til neste år. Eg er heilt sikker på at den rette kandidaten vil få ei av dei mest spennande stillingane i Vestland fylke, uttalar Reksnes.

SFE er eigd av Sogn og Fjordane Holding AS (eit selskap eigd av Vestland Fylkeskommune og alle kommunar i tidlegare Sogn og Fjordane fylke), Eviny AS, Kinn kommune, Gloppen kommune, Bremanger kommune, Stad kommune, Askvoll kommune og Sunnfjord kommune.

For meir informasjon, kontakt:

Johannes Rauboti, konsernsjef Tlf 916 45 264

Sigurd Reksnes, styreleiar Tlf 913 79 271